

Radøy Kommune

Radøyvegen 1960

5936 Manger

Manger, 15. Mai 2018

KLAGE PÅ NABOVARSEL, MOTTATT REKOMANDERT MANDAG 7. MAI

Radøy Kommune ved saksbehandler Ingrid Didriksen melder om tiltak (midertidig) på **friområde** for Kyrhovden.

Dette arealet er i dag regulert i kommunedelplan for Radøy som **friområde**. Dette er et viktig område for Kyrhovden byggefelt, og blir benytta til rekreasjon og tur / gjennomgangsområde med tilrettelagt sti gjennom området.

I dispensasjonssøknaden som følger nabovarsel, blir det argumentert for og få innvilga dispensasjon for et bygg på 270 m² og ei mønehøgnd på 4 meter. Det skal bli til 3 klasserom for skulen.

Argumenta er følgende:

Tiltaket vil ikkje føre til store terrenginngrep.

Tenkt plassert relativt flatt.

Plasering pga få alternativ

Best tilpassa samfunnsinteresser

Bra tilkomst frå skulen.

Klagen blir begrunna med følgjande kommentarer og innspel:

Tiltaket er allereie starta. Dette blei starta ca. 1. veke før mottatt nabovarsel. Det er rigga til med store anleggsmaskiner som har fjerna store mengder trær i **friområdet**, og i tillegg øydelagt deler av asfaltert området ved parkering til boliger i kyrhovden byggefelt. Ser ikkje bort frå at også verneverdige trær er fjerna. Det er allereie gjort store terrenginngrep i området.

Om tiltaket skal plasserast «relativt flatt» kva det innebærer, må det gjerast ytterligare terrenginngrep i området. Vann /avløp vil også krevje store inngrep.

Ettersom det er beskrive få alternativ, bør kommunen sjå seg om etter alternativ som er framtidsretta, og ikkje midlertidige. Det er ingenting som tyder på at Manger som tettstad vil få mindre elevar i tida som kjem. Det blir stadig planlagt nye byggefelt, og elevtal kan auka framover. Ein må evne og sjå lengre fram i tid enn 2 år.

At tiltaket er «best tilpassa samfunnsinterresser» ivaretar ikkje beboere i kyrhovden som vil miste **friområde** som er begrensa frå før, og bebuarane i Kyrhovden har også rett til privatliv og selvbestemmelse.

At tilkomsten frå skulen er god er ikkje noko spesielt argument. Tilkomsten frå skulen vil vere god i alle retninger / nabo områder. Det er tross alt nabo området til barneskulen som er vurdert.

Til slutt vil eg gjere oppmerksom på at Kyrhovden byggefelt har hatt store problemer med trafiksituasjonen i byggefeltet. Ansatte ved skulen og foreldre nyttar vegen i byggefeltet som tilkomsveg til skulen hvor det blir parkert, og området nytta til av påstigning av ungar. Vegen har ikkje fortau, og det har vore mange uheldige «episodar» og nesten ulykker dei siste åra. Dette er noko kommunen er gjort kjent med gjennom skriv og tilbakemelding frå styret i Kyrhovden Vel.

Kan også nemne, sjølv om det ikkje har med denne saka og gjere, at skulen / kommunen tidligere har satt opp gjerde inne på friområdet til Kyrhovden. Dette er gjort på vestre del av skuleområdet, og blei gjort i sommerferien for 3 år sidan utan noko form for varsling på førehand.

Ettersom tiltaket allereie er starta, jfr. tidlegare kommentar, ber vi om **umiddelbar stans** i arbeidet med tiltaket.

Med Helsing

Handwritten signature in blue ink, appearing to read "Jannicke W. Baug". The signature is written in a cursive style with a large initial 'J'.

Jannicke og Olav Baug, Kyrhovden 26, 5936 Manger

Eigar av kyrhovden 8B

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland Byggesaksavdelinga